Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6. Fylke: Eid

Tilleggsspørsmålnr. Herad: M + R.

Emne: Folkelege musikkinstrument Bygdelag:

Oppskr. av: Kristian Juel Johansen Gard:

(adresse): Torvik i R. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Når det gjeld musikkinstrument har det både i eldre og nyare tid vore skralt med utval. So vidt ein veit har det heller ikkje vore spelemenn som har merkt seg ut

Dei felene som er og har vore i bruk er vanlege feler; med vanlege namn på dei einskilde delene av ho. — A. Haugen fortalde at far hans, Anders Haugen født umlag 1870, død umlag 1940, arbeidde ei fele som 11 åring. — Ein kjenner berre kjøpte tarm- og metall-strenger

Salmedikon har det, so vidt ein veit, ikkje vore fleire av enn eit, og det nytta skulemeistaren på skulen (Lassesen)

Treverket i dette skulde vera lerk og furu. Lengde 1 m. 3" høg og 3" breid umlag med tarmstreng, som kvilde på ein stol ½" høg.

Ein kjenner døme på lur av tvo uthola trehalve surra saman med tog og med påsett munnstykkje

2957

2

Bukkehorn har og vore nytta. Lyden var laga ad ei tretunge, og sjölve hornet kunde ha eit 5-6 fingarhol og dei vart nytta til å variera tonen.

Seljeflöyte og halmflöyte kjenner ein og det er vanleg kornleik om våren å laga seljeflöyte med og utan fingarhol.

Munnharpe har det vore noko ad; men berre av kjöpte.

Trommeslager har det so vidt ein veit vore berre ein: Martin Berget umlag 1807

Av byinstrument fins 2 pianoer (Presten det eine) 3-4 trekkspill kanskje eit dusen gitarar og eit posinteo (tikring hundradaarsskiftet.)

Under bolk C. kann ein nemna flöyte i hendene. Ein bles lufta inn millom tummelfingrane, og tonen kann varieras ved å gjera holrommet större og mindre og ved å sleppa ut lufta med eine handa.

Eit halet netaskal millom tvo fingrar. Tonen kann varierast ved hardare eller linnare blåsing.

Kornblad av dåe (guldåe ell. vassdåe) vert nytta av born. Blomane vert sett millom lippone.

Stelken av lövetann vert nytta likeens. Den enden ein har i munnen lyt flatklemmast.

2957

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING